



Sak nr 45/2008

Møtedato: 17.9.08

Møtestad: Slidretun

Arkiv nr: S 663

S 663, Bjørnhøvd – søknad om tilbygg på sel

Åshild Reien søker å føre opp eit tilbygg på selet. Stølen blir brukt til beite og slått ved eige drift.

I følge stølsregistert er på stølen eit sel på 86 m² (BYA), dette tilsvarar 77, m² (BRA). Søkjaren opplyser at det var eit tilbygg på selet som vart rive for ein del år sidan. Tilbygget var på ca 20 m² (BYA). Med planlagt tilbygg blir selet på ca 90 m² (BRA). Dette tilsvarar omtrent det areal som var på stølen før det gamle tilbygget var rive.

Fjellstyret har praktisert ei arealgrense på 70 m² for stølar som blir brukt til beite/slått. Ved riving og bygging av nytt har det vorte godkjent det same arealet som tidlegare, sjølv om dette er over arealgrensa. Fjellstyret må vurdere om dette også skal virke tilbake i tid.

Stølen er i bruk etter fjellova og skal behandlast etter § 13 i stølsforskriftene der det heiter:

Etter søknad som fjellstyret avgjer, kan seterbrukaren setje opp hus for ei rasjonell utnytting av utvist seter.

Fjellstyret skal taka stilling til kva slag og kor mange hus som trengst, deira storleik og standard eller anna, og det kan setje vilkår. Før fjellstyret gjer vedtak skal saka leggjast fram for Statskog til fråsegn.

Dersom fjellstyret vil krevje at hus som alt står, skal rivast, må saka føreleggast for regional kulturminneforvaltning til fråsegn før fjellstyret gjer vedtak. Det same gjeld ved endring eller utviding av hus på seter.

Oppland fylkeskommune har i brev datert 11.9.09 gjeve utale med slik konklusjon:

En utvidelse av selet bør skje i lengderetningen, i dette tilfellet som en tilbakeføring. Generelt kan en si at ev. tilbakeføringer bør skje til en tilstand/periode som kan dokumenteres. En bør, ut over det, begrense tiltaket til det som er teknisk og bruksmessig nødvendig å gjennomføre.

Statskog skriv i si uttale m.a. følgjande:

I henhold til søknadens vedlagte plantegninger kommer vi frem til at selets størrelse etter en eventuell utvidelse vil bli ca. 104 m². Selet er i henhold til seterregisteret 86 m² pr. i dag. Etter vår oppfatning er det her snakk om forholdsvis en enkel drift av stølen som i liten grad fordrer kontinuerlig tilstedeværelse. Statskog er derfor av den oppfatning at det eksisterende selet på stølen bør være tilstrekkelig for en rasjonell utnyttelse av stølen slik den drives i dag.

Statskog tilrår følgelig fjellstyret å avslå søknaden om utvidelse av selet på denne stølen..

Vedtak:

Fjellstyret finn det dokumentert at selet har vore 20 m² større tidlegare, og godkjenner etter § 13 i stølsforskriftene søknad om tilbakeføring av opphavleg areal.

Fjellstyret tek tilrådinga frå Oppland fylkeskommune til følge, og stiller som krav at selet skal tilbakeførast til opphavleg form ved påbygging i lengeretning. Fjellstyret vil ta søknaden opp til ny behandling når det er lagt fram nye teikningar som er i samsvar med uttale frå Oppland fylkeskommune.

I følge §28 i forvaltningsloven kan vedtaket klagast over. Eventuell klage skal sendast Vestre Slidre fjellstyre innan 3 veker frå mottak av dette vedtak.

I del 1 av vedtaket stemte eitt medlem mot at søkjaren får godkjent tilbakeføring til gamal storleik, fordi rivinga av tilbygget skjedde for mange år sidan. I del 2 av vedtaket stemte eitt medlem mot kravet om påbygging i lengderetning, og ynskte i staden å godkjenne bygget slik som omsøkt.

Vestre Slidre fjellstyre den 19.9.08

Harald Ranum
sekretær

Utskrift: Åshild Reien, 2960 Røn
Statskog v/Raymond Solberg, Serviceboks 1016, Namsos
Oppland fylkeskommune, avd. for kulturvern, Serviceboks, 2626 Lillehammer
Vestre Slidre kommune, 2966 Slidre